


Fjellet Herbensen i Elgådalen. Betyr namnet eigenleg Herbergstenen?

Ei dryg mil frå Elgå innover Elgådalen ligg fjellet Herbensen, 984 m.o.h. Rett imot på andre sida av dalen ligg Svart-hamran. Fjellet Herbensen er ein langstrakt fjellkulle som går bratt ned på båe sider.

Ein ser Herbensen godt får andre sida av Femunden, frå fiskebuene som tufsingdølene har på Korneset. Herifrå er det fritt utsyn oppover Elgådalen, og herifrå ser Herbensen ut som en fjellknatt som heng utover dalen. No avdøde Johannes Sæther frå Tufsingdalen forklarte at det skulle vera ein stor heller der, eit framspring i fjellet, som vegfarande søkte ly eller herberge innunder.

Fjellet Herbensen ligg langs ei gammel vinterveglei frå Sverige til Norge. Etter det som står i Engerdalsboka av Ottar Andersen, gjekk den gamle vintervegen frå Dalarna til Røros opp Grøveldalen på svensk side og følgde elva Gutua og gjekk over dei tre Gutusjøane (på kartet Gutulisjøen, Yttersjøen og Fjellgutusjøen). Namnet gutu tyder rett og slett veg, reksterveg.

Vintervegen gjekk så forbi fjellet Herbensen med eit provisorisk herberge. Vidare gjekk vintervegen nedover Elgådalen, over Femunden til Korneset og så over Siksjen og Holla til Røros. Seinare, etter at smeltehytta ved Femund kom i drift (1817-23) gjekk hovudferdsla over Särna, Idre, Fløtningen, Drevsjø og Femunden til Røros.



Skrivargarden på Drevsjø, som no er restaurert, hadde spilltau til 18 hestar. I 1815 gjekk det her 500 ferdaslass frå og til Leighbua (Engzelius) på Røros.

Herbensen er eit merkeleg namn på eit fjell. Det høres mest ut som eit etternamn. La oss prøve å forklare kva fjellnamnet Herbensen kan koma av.

Uttala er hærrbensen med sterkt trykk på den første stavinga. Frå dagligtalen, og til og med frå radio og fjernsyn, kjenner vi mange eksempel på at sterkt trykk på første staving fører til at andre og tredje staving blir uklart uttala og forkorta: milliarder høres ut som millarder, millioner som milloner, forkjørsvai som førsevai, for eksempel som fekksempel osv. Kan Herbensen koma av eit lengre ord som er slite ned gjennom lang tids bruk og sterkt trykk på første staving? Lat oss prøve med følgjande uttaleutvikling: Herbergsteinen - herbergsteinen - herbersten - hærrbersen - hærrbensen. Det er det siste utviklingstrinnet frå hærrbersen til

hærrbensen som kanskje er vanskelegast å forklare med di at det har kome inn ein n, men det er slett ikkje uvanleg at ein lyd sist i ordet kjem inn lengre framme i ordet. Det er som hjernen tek på forskott noko som kjem etterpå. Som eksempel kan ein nemne at militærgraden sersjant heiter på dialekt ofte sjersjant. Språkforskarane kallar det for fjernassimilasjon.

Ordet herberge betyr opprinneleg ein plass der “hæren kan berge seg” og har seinare betydd ein stad der ein får nattely, og sten blir ofte brukt på berg eller fjell som for eksempel “Fåsten”.

Ein kan vel da ha god grunn til å tru at fjellet Herbensen har fått namnet sitt etter det gamle kvilstellet innunder den store Herbergsteinen.

Trygve Nesset
Cand. philol.
tidlegare lektor ved N.Ø. vg skole
2500 Tynset



Emil Bakken i ferd med å kjøre opp varer til Follidal Verk. Det var ikke butikk oppe ved brakkene, verkessingene måtte derfor til butikkene “nedafor” for å handle. Varebilen gikk innom samvirkelaget, Follidal Handel og meieriet. Varene ble pakket i esker og påskrevet navn. De ble så satt på Nedre Verket (bildet), Øvre Verket og Egne Hjem. Bildet er tatt av Viggo Stuedal i 1965.